

Skjærgårdsfisk Visningscenter

På Skjærgårdsfisk Visningscenter driv me visningscenter for havbruk. Her har alle moglegheita til å koma innom for ei omvising og tur ut til oppdrettsanlegg for å læra meir om korleis oppdrett fungera i praksis. Visningscenteret har gjort investeringar på ca. 4 millionar kr for tilrettelegging for visningsaktivitet, samt 1 million kr i år på ei topp moderne utstilling.

Kvart år har me alle 9.klassingar for Nordhordland på besøk, her får de eit opplegg med teori, lokalhistorie og gjennomgang av vår nye utstilling inne på senteret. Den andre delen av besøket er RIB-tur ut til oppdrettsanlegget for omvising på flåte og merd. Det heile vert avslutta med lunsj på senteret samt quiz og orientering rundt karrieremoglegheitene innan oppdrettsnæringa. Det er blitt eit populært tilbod som er gratis for alle skuleklassar, og tilbakemeldingane er at elevane ser fram til detta opplegget gjennom heile skuleåret.

Me har hatt mellom 800-1000 personar på visning kvart år de siste åra, storparten av desse er elevar, men me har også t.d eksportørar med besøk, leverandørar, lokale, turistar og øvrige besøkande til kommunen på visning.

For at me skal kunna driva visning er me heilt avhengige av å nytta båt i delen ut til oppdrettsanlegget, i tillegg er det viktig for å oss at tilkomsten til båten er utforma på sikrast mogleg måte. Flytebrygga me nyttar i dag er heilt essensiell for at me skal kunna ivareta sikkerheita og driva visningsaktivitet året rundt.



Med vennleg helsing

Sebastian B. Ludvigsen

Dagleg leiar